Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Aksel Anderssen

(adresse): Ådalsbruk

Fylke: Hedmark

Herad: Løten

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Kristine Berg, Ådalsbruk, f. 1871, har vore mykje av vanlege bruksting i si tid, og so seint som i år var ho med og hjelpte fru Astrid Nygård på Skjerve med å få ferdig ein laken-vev på 45 m. Men av di ho er plaga av gikt i underlemene kan ho ikkje lenger arbeida med meir enn 2 trøer. B.

Nedanfor kjem nokre spreidde merknader frå henne, utan at det kjem fram noko som ikkje er kjent frå vevbøker og slikt.

1. Vadmål (vómmøl) har vore det vanlege tyet til mannsklede. Ullgarn til varp og veft. 2-hovel eller 4-hovel.

Til fôring og til sommar lereft.

Verkensvest av halvull (bomulls-verken).

[Trar ein 2 trådar i både hovel og tind kallast det tvist.]

Busserull-ty er vend-ty; 4-hovel og 4 trøer.

2. Verkens-kjolar var tenestekjolar i gamle dagar. Tenarane vov dei sjølve når dei vart upplærde til det, og elles ikkje var undermålo.

10058

Virken kan vevast både som 2=hovl og 4-hovl; ein-trædd.

Blåty til forklar og kjolar; bomullsgarn, 4=hovl og 2 tróir.

3. Underty.

Serkene hadde lereft i övre parten og strygarns ty i den nedre. Skjortone kunne likeins vera strykskjorter (striskjorter)

Plagg av bommesi, vove i 4-hovl og med 4 tróir. Det er vend-ty som syner renning og vefting like myttje på rette og vrange.

4. Sengeumheng av bomull; 2-hovl.

5 Lakenlereft; 2-hovl eller 4-hovl, med 2 tróir.

Simple ullteppen; plukkgarn, 1 tråd i hovl, 2 trådar i tind; bommesi vend i 4-hovl, 4 tróir.

Dynvar og putevar; 3-hovl.

6. Dukar, serviettar; dreiel (drill) i lin eller halvlin; like mange hovlar som tróir.

7. Handklær; 4-hovl eller meir; gåsauge-(gås-)vend.

8. Åklær, bordteppen, laupar, sengeforlegg; etter Caroline Halvorsens, Håndbok i vævning.

II. Ymist.

Kristine Berg har bruka kveitemjölsvelling til smitting, og surmjólk til å styrkja renningstrådn i sjölve vevn. - U-tvinna garn til vefting er sterkast, segjer ho. B

„Rosen-gang", det same som „dragrustning" (?)

„Tvil", det same som „tvist", av tvilagt tråd (?) Ordet er höyrt på Ringsaku. A.

10058

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10058